

Håp om globalt fokus på funksjonshemming

FN er i ferd med å definere nye tusenårsmål. I denne prosessen har funksjonshemming fått fornya fokus. Eit ekspertpanel har nyleg publisert ein rapport som stakar ut vegen for arbeidet med å definere dei nye tusenårsmåla. Inkludering av personar med alle typar funksjonshemming har i denne samanheng fått høg prioritet.

AV: JENNY SCHAANNING

Ved byrjinga av det nye år-tusen gjekk alle FNs medlemsland saman om å definere åtte spesifikke tusenårsmål, med mål om å nå desse innan utgangen av år 2015. Tusenårsmåla tok for seg tema som fattigdomsreduksjon, utdanning, helse, barnedøgleheit, kjønnslikestilling, miljø og globalt partnerskap for utvikling. Desse har på mange måtar definert den internasjonale bistandssektoren sidan år 2000, og har i så måte forma tematisk fokus og ressursprioritering.

Med år 2015 rett rundt hjørnet, har det internasjonale samfunn begynt å evaluere i kva grad tusenårsmåla er nådd, og samtidig starta prosessen med å definere kva fokuset bør vere i tida etter 2015.

Det er i denne samanheng FN's generalforsamling har utnemnt eit panel som har fått i mandat å gi råd for prosessen vidare. Leiarane av panelet er presidenten av Indonesia, presidenten av Liberia, og den engelske statsministeren.

I rapporten blir det påpeikt at mykje er oppnådd sidan 2000. Til dømes lever ein halv milliard færre i ekstrem fattigdom, raten av barnedøgleheit har falt med meir enn 30 prosent, og dødsfall forårsaka av malaria har falt med 25 prosent. Samstundes anerkjenner panelet at mange av dei fattigaste og mest ekskluderte gruppene ikkje har sett den heilt store framgangen, inkludert personar med ulike former for funksjonshemming.

Panelet argumenterer for at dei nye måla bør vere basert på universelle menneskerettar, og ha ein universell agenda. Medlemmene anbefaler at eit av hovudprinsippa som bør guide den internasjonale utviklingsagendaen etter 2015, er at ingen skal etterlatast, og legg derfor vekt på at dei neste tusenårsmåla skal fokusere på å nå dei gruppene som framleis er ekskluderte. Behovet for å etablere datainnsamlingssystem som gjer forholda for svake grupper synlege og målbare blir også tillagt stor vekt av panelet. Samla sett legg panelet opp til at dei nye tusenårsmål skal vere inkluderande og universelle, og dette kan få stor betydning for personar med alle former for nedsatt funksjonsevne.

Endringsprinsipp

Panelet som ble utnevnt av FN's generalforsamling anbefaler at følgjande fem store endringsprinsipp ligg til grunn for agendaen etter 2015: 1) ingen skal etterlatast, 2) sett berekraft i sentrum, 3) legg om økonomien for å skape arbeidsplassar og inkluderande vekst, 4) bygg fred samt effektive, opne og ansvarlege institusjonar for alle, 5) skap eit nytt globalt partnerskap.

Kortfilm

Mark Mapemba (23) er ungdomsrepresentant i styret for foreldreorganisasjonen Parents of Disabled Children Association of Malawi (PODCAM). Han har mild utviklingshemning.

Han var en av seks ungdommer som deltok på et to ukers kurs i Uganda for å lære å lage filmer som setter ungdom med funksjonshemming på dagsorden. Resultatet ble flere kortfilmer som belyser ulike problemstillinger som ungdom med funksjonshemming møter i Afrika.

På et seminar i PODCAM viste han en av filmene som handlet om en ungdom som ble gjort arveløs av faren på grunn av sin funksjonshemming. Filmen ble godt mottatt av alle de tilstedeværende.



Mark Mapemba



Fra organisasjonskartleggingen i PODCAM i Malawi

Organisasjonskartlegging

Atlas-alliansen har i lang tid sett at det har vært et behov for å systematisere forståelsen av og arbeidet med organisasjonsutvikling i partnerorganisasjoner i Afrika og Asia. For å møte dette behovet ble det satt ned en faggruppe på organisasjonsutvikling der NFU og andre medlemsorganisasjoner har deltatt aktivt.

Resultatet har blitt et rammeverk som både definerer hva som kjennetegner en sterk organisasjon og et verktøy som skal hjelpe organisasjoner med å kartlegge sine styrker og svakheter på en systematisk måte. Verktøyet har blitt testet ut på fire organisasjoner i Tanzania og Uganda, og dette bidro til forbedringer før det ble ferdigstilt tidligere i år. I 2013 mottok Atlas-alliansen en ekstrabevilgning fra NORAD på 2 millioner kroner for å gjennomføre organisasjonsgjennomgang av alle partnere i hele alliansen.

En av NFUs partnere, foreldreorganisasjonen PODCAM i Malawi, gjennomgikk nylig en slik organisasjonskartlegging. Prosessen ble tilrettelagt av bistandsrådgiver i Norges Handikapforbund, Bergdis Joelsdottir og konsulent fra konsultentselskapet CADECO i Malawi, Charles Banda. NFU var også til stede som observatør.

I alt 20 representanter fra styret, sekretariatet og lokallagene til PODCAM var til stede. Resultatet var en oversikt over PODCAMs sterke sider/kapasitet, kapasitetsbehov og anbefalte tiltak som organisasjonen kan sette i verk for å styrke kapasiteten på prioriterte områder.

Dette vil hjelpe organisasjonen til systematisk å prioritere og planlegge tiltak som kan styrke organisasjonen i fremtiden.

Vil du bli tryggere og mer selvstendig? I *Dette er meg*, den nye boka til Caroline Tidemand-Andersen, får du hjelp. Det er en arbeidsbok med mange spennende oppgaver og tekster for unge/voksne med utviklingshemming. Om hvem du er, vennskap og kjærlighet, jobb og fritid, om å lære bedre og forstå mer av deg selv. Format A4, 120 sider. Pris 298,- (eks. porto)

Les mer: www.skaugeforlag.no
Bestill: post@skaugeforlag.no

SKAUGE FORLAG